



MØTEPROTOKOLL

Utval: Utvalet for oppvekst og omsorg

Møtedato: 29.05.2013

Møtetid: 15:00 - 17.45

Møtestad: Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 4, inkludert 0 varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Heidi Totland Arnesen	

Andre som var til stades på møtet:

Rektor Solvor Aadland sak 07-08/13. Ped.kons Karin Steinsland under sak 07-09/13.
Ass.rådmann heile møtet.

Merknader:

Orienteringar/meldingar:	Utvalet fekk ein kort status og bilde frå utbygginga av Samnanger barneskule.
Utvalet sitt kvarter:	Sigmund Dyrhovden: Stirydding i kommunen? Behov for rydding/vedlikehald på Prestavegen og over Kampen frå "Ilage". Kultursjefen får melding om dette. Det er sett av midlar i budsjettet til dette. Eva Hellevang stilte spørsmål om system for oppmelding av spes.ped tiltak i skulen. Ho orienterte om ei enkeltsak. Ass.rådmann orienterte og bad om at enkeltsaka blir sendt over til kommunen for handsaming.
Dokument utlevert i møtet:	Link: Strategi for ungdomsskulen.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 04.06.2013

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
007/13	13/273	Faste saker	
008/13	13/103	Satsing på ungdomstrinnet i Samnanger	
009/13	13/27	Forskrift om ordensreglement for skulane i Samnanger	
010/13	13/160	Kulturstipend for unge 2013	
011/13	13/181	Revisjon av retningslinene for kulturprisen	

SAKNR. 007/13
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

29.05.2013 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

- Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.
Utvalet sitt kvarter:
Sigmund Dyrhovden: Stirydding i kommunen? Behov for rydding/vedlikehald på Prestavegen og over Kampen frå "Ilage". Kultursjefen får melding om dette. Det er sett av midlar i budsjettet til dette.
Eva Hellevang stilte spørsmål om system for oppmelding av spes.ped tiltak i skulen. Ho orienterte om ei enkeltsak. Ass.rådmann orienterte og bad om at enkeltsaka blir sendt over til kommunen for handsaming.

OO-007/13 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 008/13
SATSING PÅ UNGDOMSTRINNET I SAMNANGER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

.....

29.05.2013 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Fellesframlegg:

”Satsing på ungdomstrinnet - *Motivasjon og meistring for betre læring.*

- Samnanger kommune vil leggja til rette for at elevane på ungdomstrinnet skal få ei opplæring med varierte og praktiske arbeidsmåtar.
- Samnanger ungdomsskule vil tilby 4 valfag frå hausten 2013: Fysisk aktivitet og helse, Produksjon av varer og tenester, Natur og miljø og Sal og scene.
- Samnanger ungdomsskule skal tilby arbeidslivsfag som alternativ til 2.framandspråk frå 8.trinn frå hausten 2013.
- Samnanger ungdomsskule vil arbeida vidare med å utvikla eit godt læringsmiljø og tydeleg klasseleiing på ungdomstrinnet.
- Samnanger ungdomsskule vil leggja til rette for erfaringsdeling, hospitering og kollegabasert rettleiing for personalet.

4 av 7

- Samnanger ungdomsskule skal ha ei "helsegruppe" med sosiallærer, helsesøster og psykiatrisk sjukepleiar fast tilgjengeleg for elevane, jf SOL-planen vår, der psykisk helse er fokusområde i 2013.
- Samnanger ungdomsskule vil bli betre i lesing i alle fag, og vil nytta UH-sektoren til rettleiing i det skulebaserte utviklingsarbeidet ved ungdomstrinnet frå 2014/2015. (Gnist)"

Samrøystes vedteke.

OO-008/13 VEDTAK:

Satsing på ungdomstrinnet - *Motivasjon og meistring for betre læring.*

- Samnanger kommune vil leggja til rette for at elevane på ungdomstrinnet skal få ei opplæring med varierte og praktiske arbeidsmåtar.
- Samnanger ungdomsskule vil tilby 4 valfag frå hausten 2013: Fysisk aktivitet og helse, Produksjon av varer og tenester, Natur og miljø og Sal og scene.
- Samnanger ungdomsskule skal tilby arbeidslivsfag som alternativ til 2.framandspråk frå 8.trinn frå hausten 2013.
- Samnanger ungdomsskule vil arbeida vidare med å utvikla eit godt læringsmiljø og tydeleg klasseleiing på ungdomstrinnet.
- Samnanger ungdomsskule vil leggja til rette for erfaringsdeling, hospitering og kollegabasert rettleiing for personalet.
- Samnanger ungdomsskule skal ha ei "helsegruppe" med sosiallærer, helsesøster og psykiatrisk sjukepleiar fast tilgjengeleg for elevane, jf SOL-planen vår, der psykisk helse er fokusområde i 2013.
- Samnanger ungdomsskule vil bli betre i lesing i alle fag, og vil nytta UH-sektoren til rettleiing i det skulebaserte utviklingsarbeidet ved ungdomstrinnet frå 2014/2015. (Gnist)

SAKNR. 009/13

FORSKRIFT OM ORDENSREGLEMENT FOR SKULANE I SAMNANGER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

29.05.2013 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Fellesframlegg:" Utkast til *Forskrift om ordensreglement for skulane i Samnanger* vert lagt ut til høyring. Høyringsfrist er 30.08.2013.

Med følgjande tillegg:"

Sett inn "Forskrifta skal reviderast kvart 4 år" - punkt: V - Iverksetting.

§ 9 : bytt ut FAU med SAU."

Tillegga vert innarbeid før utlegging.

Samrøystes vedteke.

OO-009/13 VEDTAK:

Utkast til *Forskrift om ordensreglement for skulane i Samnanger* vert lagt ut til høyring. Høyringsfrist er 30.08.2013.

SAKNR. 010/13
KULTURSTIPEND FOR UNGE 2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

.....

29.05.2013 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Fellesforslag: ”Kulturstipend for unge vert tildelt på følgjande måte:

Joel Dyrhovden kr. 5000,-
Sondre Tysseland kr. 3000,-
Martin Tysseland kr. 2000,-”

Samrøystes vedteke.

OO-010/13 VEDTAK:

Kulturstipend for unge vert tildelt på følgjande måte:

Joel Dyrhovden kr. 5000,-
Sondre Tysseland kr. 3000,-
Martin Tysseland kr. 2000,-.

SAKNR. 011/13
REVISJON AV RETNINGSLINENE FOR KULTURPRISEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

.....

29.05.2013 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Fellesframlegg:

” Retningsliner for Samnanger kommune sin kulturpris

1. Utvalet for oppvekst og omsorg kan kvart fjerde år dela ut ein kulturpris til einskildpersonar eller lag/organisasjonar i eller med tilknytning til Samnanger kommune.
2. Kulturprisen vert gjeven for særleg fortienstefull innsats for kulturlivet i kommunen eller for aktivt kulturarbeid over lengre tid. Utvalet for oppvekst og omsorg skal leggja ei vid tilking av kulturomgrepet til grunn ved vurdering av eventuelle kandidatar.
3. Utvalet for oppvekst og omsorg tek avgjerd om kven som skal få prisen og korleis han skal delast ut. Medlemmane i utvalet er ikkje bunde av innkomne framlegg.
4. Berre ein kandidat kan få prisen ved kvar tildeling.

5. Prisen kan tildelast same person/organisasjon fleire gonger.
6. Melding om prisen og oppmoding til å koma med framlegg til kandidatar vert lyst ut i Samningen innan 1. april kvart fjerde år. Grunngevene, skriftlege framlegg til kandidatar skal sendast til Samnanger kommune innan 1. mai.
7. Desse retningslinene er vedtekne i Samnanger kommunestyre 20.06.2013. ”

Samrøystes vedteke.

OO-011/13 VEDTAK:

Retningsliner for Samnanger kommune sin kulturpris

1. Utvalet for oppvekst og omsorg kan kvart fjerde år dela ut ein kulturpris til einskildpersonar eller lag/organisasjonar i eller med tilknytning til Samnanger kommune.
2. Kulturprisen vert gjeven for særleg fortenestefull innsats for kulturlivet i kommunen eller for aktivt kulturarbeid over lengre tid. Utvalet for oppvekst og omsorg skal leggja ei vid tilking av kulturomgrepet til grunn ved vurdering av eventuelle kandidatar.
3. Utvalet for oppvekst og omsorg tek avgjerd om kven som skal få prisen og korleis han skal delast ut. Medlemmane i utvalet er ikkje bunde av innkomne framlegg.
4. Berre ein kandidat kan få prisen ved kvar tildeling.
5. Prisen kan tildelast same person/organisasjon fleire gonger.
6. Melding om prisen og oppmoding til å koma med framlegg til kandidatar vert lyst ut i Samningen innan 1. april kvart fjerde år. Grunngevene, skriftlege framlegg til kandidatar skal sendast til Samnanger kommune innan 1. mai.
7. Desse retningslinene er vedtekne i Samnanger kommunestyre 20.06.2013.

